

PRESSEMELDING

29. august 2023

Fjord1 mottok Storegutprisen 2023

Nynorsk kultursentrum og Vener av Vinjesenteret tildelte Fjord1 og matkonseptet Ferdamat, Storegutprisen, for god bruk av nynorsk i det offentlege rom.

Fjord1 mottok Storegutprisen 2023 under Litteraturdagane i Vinje sist laurdag. Prisen har namn etter diktsamlinga *Storegut* av Aasmund Olavsson Vinje, og er tildelt Fjord1 med bakgrunn i ein synleg og positiv bruk av nynorsk i det offentlege rom.

- *Vi meiner at Fjord1 og Ferdamat fyller tildelingskriteriet og vel så det! Det krev både mot og integritet å gjere all marknadsføring på nynorsk, og Fjord1 gjer det som ein naturleg del av verksemda. Dei viser at nynorsk er godt eigna til kommunikasjon med eit mangfaldig publikum, fortel leiar i Storeguthnemda, Aasmund Nordstoga.*

Utdelinga av prisen var eit av dei store høgdepunktene under Litteraturdagane, som på vegne av Fjord1 vart teke imot av leiar for Ferdamat, Olav Strømstad:

- *Dette er sjølv sagt stor stas for Fjord1. Vi har nytta nynorsk målform i det offentlege rom i mange år; både om bord i fartøya, på nettsidene, i rapportar, i sosiale media og elles i malverket. For oss er det naturleg å skrive nynorsk, der målet er å skrive på ein god og lett forståeleg måte. Det er viktig for oss å ikkje bli for konservative i skriftspråket, men vise at det går an å skrive nynorsk som alle forstår. Vi er svært stolte over å motta denne gjeve prisen, og audmjuke over at vi vert lagt merke til, seier Strømstad.*

Kontaktperson: Olav Strømstad, leiar Ferdamat. Mobil: 952 49 633. olav.stromstad@fjord1.no

Om Fjord1: Fjord1 har si kjerneverksemnd innan ferjetransport, og er det leiane ferjeselskapet i Noreg. Selskapet har også aktivitet knytt til hurtigbåt, catering og fjordbasert reiseliv. Fjord1 er eit innovativt selskap med store ambisjonar innan til dømes det grøne skiftet og ny teknologi. Målsetnaden er å vere best på miljøvennleg og pålitelig transport. Hovudkontoret er i Florø, og det er om lag 1100 tilsette i selskapet.